



Jostein Kvamme Sylta
Syltanaset 10
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/4390 - 23/47795

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
16.06.2023

Melding om utført retting i matrikkel - gbnr 420/2 Utsylta

Etter forespørsel frå deg dat 30.05.23 har kommunen utført endring av bygningstype i matrikkelen frå bygningstype 163 våningshus benytta som fritidshus, til 113 våninghus.

Det går ikkje fram av matrikkelen/ register når og kvifor bygningstypen har vorte endra til fritidsbruk. Det vanlege er gjerne at det ein periode har vore brukt til fritidsbruk, og at ein har fått endra bygningskode for å få lågare kommunale avgifter.

Bygningar som har stått lenge utan fast bruk kan få krav om søknad om bruksendring for å få dette endra tilbake til opphavsleg bygningstype. Du opplyser at de bur der og at garden er i full drift. Kommunen legg difor til grunn at bygningen er i stand og tilfredstiller krav til heilårsbustad.

Avdelinga som lagar grunnlaget for kommunale avgifter får melding om endringa.

NGIR (renovasjon) får også melding om utført endring.

De vil få eit formelt vedtak om adresseendringa.

Vedlagt ligg matikkelrapportar som viser kva som var/er registrert om bygget før og etter endringa.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Jostein Kvamme Sylta

Syltaneset 10

5937 BØVÅGEN